

MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet

Møtestad: Kommunetunet

Møtedato: 23.11.2016

Tid: kl.10:00 - 18:40

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.
Saklista og saksdokumenta vart gjort tilgjengeleg elektronisk 16.11.2016.
Møtet vart kunngjort i lokalavisa og på heimesida.

Desse medlemene møtte:	Parti
Atle Kvåle	Ap
Hans Ekeberg	Ap
Magne Djuvik	Frp
Aud-May Boge	H
Bjarte Samnøy	Krf
Margunn Yndestad Samnøy	Sp
Mikal Leigland	Sp
Svein Lang	Sp

Forfall	Parti	Møtande varamedlemmer	Parti
Anne-Grete Gjerdevik	Ap	Gustav Folkestad	V

Møtenotat:

Inhabilitet og møtande varamedlemer

Varaordførar Magne Djuvik, Frp var inhabil i sak nr 77/16 Inhabilieten var ikkje meldt, og vararepresentant var difor ikkje kalla inn.

Varaordførar Magne Djuvik, Frp var inhabil i sak nr 79/16 Inhabilieten var ikkje meldt, og vararepresentant var difor ikkje kalla inn.

Andre som møtte

Konstituert rådmann Elisabeth Farstad

Ansvarleg sekretær Gunn Sissel Teigen

Einingsleiar teknisk drift Øystein Havsgård

I deler av møtet:

Einingsleiar pleie og omsorg Gro E. Almås

Einingsleiar Anne Skagseth

Einingsleiar barnehage Irene Kvåle Foer

Einingsleiar undervisning Anne-Merete Hellebø

Einingsleiar samfunnsutvikling, økonomi og service Terje Raunsgard

Spesialrådgjevar Anne Lise Aaseng

Økonomisjef Jarl Ottmar Reinsnes

Orienteringar

Det vart orientert om prosjektet: Velferdsteknologi. Orienteringa var ved Ingrid Tveit Rein, Bodil

Lunde-Hansen og Åshild Øvrebotten

Det vart orientert om prosjektet: Kvardagsrehabilitering. Orienteringa var v/ Krisitn Almås.

Spørsmål og svar:

Ordførar Atle Kvåle, Ap, minna på at spørsmål til sakene eller andre spørsmål, må mailast inn i god tid slik at det kan gjevast svar i møtet.

Merknader til innkalling og sakliste

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

Deler av handsaminga i sak 77/16 vart samrøystes vedteke handsama for lukka dører, jf. § 31 nr 5 i kommunelova. Den delen av drøfting og handsaminga i saka er unnateke frå offentleg innsyn. Jf. kommunelova § 31 nr 5, jf. offentleglova § 13 1. ledd, forvaltningslova §13 1. ledd nr 2 og offentleglova § 23 av omsyn til det offentlege sin forhandlingsposisjon.

Sak nr 90/16 vart samrøystes vedteke handsama for lukka dører, jf. § 31 nr 5 i kommunelova. Saka er unnateke frå offentleg innsyn. Jf. kommunelova § 31 nr 5, jf. offentleglova § 13 1. ledd, forvaltningslova §13 1. ledd nr 2 og offentleglova § 23 av omsyn til det offentlege sin forhandlingsposisjon.

Ekstramøte i formannskapet 28.11.2016 kl 09.00 i Kommunetunet

Medlemene i formannskapet vart kalla inn til møtet. Utsett sak 89/16 skal handsamast i ekstramøtet.

Ordførar Atle Kvåle, Ap, leia møtet møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen, 24.11.2016

Atle Kvåle
Ordførar

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Sakliste

Sak nr.	Tittel	
072/2016	Godkjenning av møteprotokoll	
073/2016	Delegerte saker	
074/2016	Framlegg til kommunal planstrategi for Fusa kommune 2017-2020	
075/2016	Busetting av flyktningar i 2017 - Nytt vedtak	
076/2016	Prosjektrapportering formannskapet 2016	
077/2016	Helsesenter på Leiro	
078/2016	Hovudbrannstasjon i Eikelandsosen	
079/2016	Statusrapport for bygging av idrettshall i Fusa	
080/2016	Rullering av handlingsprogram - søknader om spelemidler 2017	
081/2016	Intensjonsavtale om vidareføring av ein del av tenestene i Business region Bergen	
082/2016	Opprusting av veg til Eidestøa	
083/2016	Ruspolitisk handlingsplan 01.01.2017- 30.09.2020	
084/2016	Endring av vedtekter for barnehagane i Fusa kommune frå 01.01.17	
085/2016	Nærpolitireforma	
086/2016	Framlegg til politisk møteplan for 2017	
087/2016	Bruk av bygdebøkene Heilt andre tider	
088/2016	Skriv og meldingar	
089/2016	Budsjett 2017 - Økonomiplan 2017 - 2020	
090/2016	Forliksavtale - legeheimel	Unntatt offentlighet

072/2016: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå møte 13.10.2016 vert godkjent.

Formannskapet 23.11.2016:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FOR- 072/2016 Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 13.10.2016 vert godkjent.

073/2016: Delegerte saker

Delegerte saker vert tekne til etterretning.

Formannskapet 23.11.2016:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FOR- 073/2016 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til etterretning.

074/2016: Framlegg til kommunal planstrategi for Fusa kommune 2017-2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune vedtek kommunal planstrategi for perioden 2017-2020 slik han ligg føre i framlegg datert 10.11.2016.

Formannskapet 23.11.2016:

Handsaming:

Uttaler frå senior- og funksjonsrådet og ungdomsrådet av 21.11. 2016 var distribuert via iPad og heimesida.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR- 074/2016 Vedtak:

Fusa kommune vedtek kommunal planstrategi for perioden 2017-2020 slik han ligg føre i framlegg datert 10.11.2016.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 21.11.2016:

Handsaming:

Eirin Bergheim fremja følgjande felles forslag som vart samrøystes vedteke: I forbindelse med samanslåing av Fusa og Os, ser vi at kommunane bruker nasjonale retningslinjer. Senior- og funksjonsråd i begge kommunar må tas med i vidare arbeid.

RAAD- 059/2016 Vedtak:

I forbindelse med samanslåing av Fusa og Os, ser vi at kommunane bruker nasjonale retningslinjer. Senior- og funksjonsråd i begge kommunar må tas med i vidare arbeid.

Ungdomsrådet 21.11.2016:

Handsaming:

Fusa ungdomsråd tok saka samrøystes til etterretning.

UNG- 052/2016 Vedtak:

Fusa ungdomsråd tek saka til etterretning

075/2016: Busetting av flyktningar i 2017 - Nytt vedtak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune buset 20 flyktningar i 2017. Vedtak om busetjing av fire einslege mindreårige flyktningar i 2017 vert utsett til kommunen veit kva vi forpliktar oss til, veit om vi får busett dei vi har vedtak på å busetja i 2016 og har gjort oss erfaringar med busetjing av denne gruppa.

Formannskapet 23.11.2016:

Handsaming:

Uttaler frå senior- og funksjonsrådet og ungdomsrådet av 21.11. 2016 var distribuert via iPad og heimesida.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR- 075/2016 Vedtak:

Fusa kommune buset 20 flyktningar i 2017. Vedtak om busetjing av fire einslege mindreårige flyktningar i 2017 vert utsett til kommunen veit kva vi forpliktar oss til, veit om vi får busett dei vi har vedtak på å busetja i 2016 og har gjort oss erfaringar med busetjing av denne gruppa.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 21.11.2016:

Handsaming:

Eirin Bergheim fremja følgjande forslag som var samrøystes vedteke:
Senior- og funksjonsrådet støttar rådmannens forslag til vedtak.

RAAD- 054/2016 Vedtak:

Senior- og funksjonsrådet støttar rådmannens forslag til vedtak.

Ungdomsrådet 21.11.2016:

Handsaming:

Ungdomsrådet samla seg om slik samrøystes uttale: Fusa ungdomsråd meiner mottak av flyktningar er ei viktig oppgåve for Fusa kommune. Ungdomsrådet tek elles saka til etterretning.

UNG- 058/2016 Vedtak:

Fusa ungdomsråd meiner mottak av flyktningar er ei viktig oppgåve for Fusa kommune. Ungdomsrådet tek elles saka til etterretning.

076/2016: Prosjektrapportering formannskapet 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Prosjektrapporten vert teken til etterretning.

Formannskapet 23.11.2016:

Handsaming:

Uttaler frå senior- og funksjonsrådet og ungdomsrådet av 21.11. 2016 var distribuert via iPad og heimesida.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR- 076/2016 Vedtak:

Prosjektrapporten vert teken til etterretning.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 21.11.2016:

Handsaming:

Eirin Bergheim fremjar følgjande felles forslag som vart samrøystes vedteke:

Til prosjekt 033

Senior- og funksjonsrådet ber om fortgang i planlegging og gjennomføring av prosjekt 033.

Generelt:

Senior- og funksjonsrådet påpeikar at det må utarbeidast plan for mjuke trafikantar når større byggeprosjekt vert planlagt.

Senior - og funksjonsrådet tar elles saka til orientering.

RAAD- 056/2016 Vedtak:

Til prosjekt 033

Senior- og funksjonsrådet ber om fortgang i planlegging og gjennomføring av prosjekt 033.

Generelt:

Generelt:

Senior- og funksjonsrådet påpeikar at det må utarbeidast plan for mjuke trafikantar

når større byggeprosjekt vert planlagt.

Senior - og funksjonsrådet tar elles saka til orientering.

Ungdomsrådet 21.11.2016:

Handsaming:

Ungdomsrådet tok saka samrøystes til orientering.

UNG- 062/2016 Vedtak:

Ungdomsrådet tek saka til orientering.

077/2016: Helsesenter på Leiro

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune ønskjer å flytta legekantoret og andre helsetenester til eit nytt helsesenter på Leiro.

Fusa kommune går i forhandlingar med huseigar om areal og kostnad ved leige i det nye helsesenteret. Gjensidig forpliktande intensjonavtale vert lagt fram for kommunestyret.

Formannskapet 23.11.2016:

Handsaming:

Uttaler frå senior- og funksjonsrådet og ungdomsrådet av 21.11. 2016 var distribuert via iPad og heimesida.

Varaordførar Magne Djuvik, Frp, stilte spørsmål om han er ugild sidan Fusa kraftlag, der han er styreleiar, eig deler av Sambygg AS som eig huset. Jf. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6 1.ledd. Han gjekk frå møtet. Inhabiliteten var ikkje meldt inn. Det var difor ikkje kalla inn varerepresentant. Magne Djuvik, Frp, vart samrøystes kjend inhabil.

Deler av handsaminga i sak 77/16 vart samrøystes vedteke handsama for lukka dører, jf. § 31 nr 5 i kommunelova. Den delen av drøfting og handsaminga i saka er unnateke frå offentleg innsyn. Jf. kommunelova § 31 nr 5, jf. offentleglova § 13 1. ledd, forvaltningslova §13 1. ledd nr 2 og offentleglova § 23 av omsyn til det

offentlege sin forhandlingsposisjon.

Tilrådinga er offentleg:

Følgjande fellesframlegg, fremja av ordførar Atle Kvåle, Ap, vart samrøystes tilrådd: (8 røyster)

Fusa kommune vurderer å flytta lege- og helsesenter til eit nytt bygg. Fusa kommune går i forhandlingar med huseigar om areal og kostnad ved leige i det nye bygget på Leiro.

Utkast til avtale vert lagt fram for kommunestyret.

Forhandlingsutvalet blir:

Ordførar Atle Kvåle, Aud May Boge, Svein Lang, rådmann

FOR- 077/2016 Vedtak:

Fusa kommune vurderer å flytta lege- og helsesenter til eit nytt bygg. Fusa kommune går i forhandlingar med huseigar om areal og kostnad ved leige i det nye bygget på Leiro.

Utkast til avtale vert lagt fram for kommunestyret.

Forhandlingsutvalet blir:

Ordførar Atle Kvåle, Aud May Boge, Svein Lang, rådmann

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 21.11.2016:

Handsaming:

Eirin Bergheim fremja følgjande felles framlegg som vart samrøystes vedteke: Senior- og funksjonsrådet ber om få til uttale skisse for planløysing i god tid før avgjerd.

Me ser det som ein fordel at helsesenteret blir bygd på Leiro.

RAAD- 055/2016 Vedtak:

Senior- og funksjonsrådet ber om få til uttale skisse for planløysing i god tid før avgjerd.

Me ser det som ein fordel at helsesenteret blir bygd på Leiro.

Ungdomsrådet 21.11.2016:

Handsaming:

Fusa ungdomsråd samla seg om slik samrøystes uttale: Fusa ungdomsråd ser behovet for eit oppgradert helsesenter og meiner det er ei god løysing å flytta det til Leiro. Dette er ei meir brukarvenleg løysing for barn og unge.

UNG- 059/2016 Vedtak:

Fusa ungdomsråd ser behovet for eit oppgradert helsesenter og meiner det er ei god løysing å flytta det til Leiro. Dette er ei meir brukarvenleg løysing for barn og unge.

078/2016: Hovudbrannstasjon i Eikelandsosen**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Fusa kommune byggjer ny hovudbrannstasjon i Eikelandsheiane industriområde. Investeringsbudsjettet vert tilpassa dette.

Det skal gjennomførast forhandlingar med eigarane av dei to eigedommane i alternativ 2 og alternativ 3 i saksutgreinga. Sak om val av alternativ skal leggjast fram i første møterunde i 2017.

Formannskapet 23.11.2016:**Handsaming:**

På vegne av Høgre, Krf og Sp fremja Margunn Y. Samnøy, Sp, følgjande fellesframlegg:

Fusa kommune går for alternativ 1 - Påbygg eksisterande brannstasjon. Brannstasjonen skal utbyggast med tilfredsstillande garderobeforhold og vaskeplass. Kostnad inntil kr 4,5 mill.

Fellesframlegget fremja av Margunn Y. Samnøy, Sp vart samrøystes tilrådd.

FOR- 078/2016 Vedtak:

Fusa kommune går for alternativ 1 - Påbygg eksisterande brannstasjon. Brannstasjonen skal utbyggast med tilfredsstillande garderobeforhold og vaskeplass. Kostnad inntil kr 4,5 mill.

079/2016: Statusrapport for bygging av idrettshall i Fusa

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek til etterretning at Fusa kommune har avlyst anbudsrunder med delte entreprisar for bygging av idrettshall, og at Fusa kommune i staden lyser ut arbeidet som totalentreprise for idrettshall med integrert klatrehall. Resultatet av ny anbudsrunder vert lagt fram for formannskapet i første møterunde i 2017 før kontrakt vert skriven.

Før budsjettbehandlinga for 2018 må det leggjast fram ei sak for kommunestyret om framtidig organisering og driftsbudsjett.

Det vert i løpet av våren 2017 gjennomført ein namnekonkurranse med endeleg vedtak i kommunestyret i juni.

Formannskapet 23.11.2016:**Handsaming:**

Uttaler frå senior- og funksjonsrådet og ungdomsrådet av 21.11. 2016 var distribuert via iPad og heimesida.

Varaordførar Magne Djuvik, Frp, stilte spørsmål om han er ugild. Fusa kraftlag, der han er styreleiar, skal vera med å finansiera bygget. Jf. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6 1.ledd. Han gjekk frå møtet. Inhabiliteten var ikkje meldt inn. Det var difor ikkje kalla inn varerepresentant. Magne Djuvik, Frp, vart samrøystes kjend inhabil.

Mikal Leigland, Sp, stilte spørsmål om han er ugild sidan firmaet, han eig, har levert inn anbod. Anbudskonkurransen er no avlyst. Mikal Leigland gjekk frå møtet. Inhabiliteten var ikkje meldt, og vararepresentant var ikkje kalla inn. Mikal Leigland vart samrøystes kjend habil, jf. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6 1. og 2. ledd då han no ikkje har økonomiske interesser i saka.

På vegne av Sp, H, Krf, Ap og V fremja Sven Lang, Sp, følgjande fellesframlegg: Fusa kommune skal realisere planene om idrettshall/fleirbrukshall.

Målet må være at dette gjennomføres i 2017.

Konsept og pris som er kommet inn, er ikke forenlig med det som er budsjettet.

Fleirbrukshallen skal løses innenfor eksisterende vedtatte budsjett.

Det innbefatter vei utløsning, tomt, parkering og bygg.

Formålet med bygget er primært å gi Fusa folket et bygg for idretts aktiviteter.

Bygget må rendykes ut fra en slik intensjon.

Formannskapet blir referansegruppe for prosjektet. Prosjekterings- og referansegruppen, må i samarbeid utarbeide en ny mal for hva bygget skal inneholde og utarbeide en funksjonsbeskrivelse som brukes i en total entreprise form.

Fellesframlegg frå Svein Lang, Sp, vart samrøystes tilrådd. (8 røyster)

FOR- 079/2016 Vedtak:

Fusa kommune skal realisere planene om idrettshall/fleirbrukshall.

Målet må være at dette gjennomføres i 2017.

Konsept og pris som er kommet inn, er ikke forenlig med det som er budsjettet.

Fleirbrukshallen skal løses innenfor eksisterende vedtatte budsjett.

Det innbefatter vei utløsning, tomt, parkering og bygg.

Formålet med bygget er primært å gi Fusa folket et bygg for idretts aktiviteter.

Bygget må rendykes ut fra en slik intensjon.

Formannskapet blir referansegruppe for prosjektet. Prosjekterings- og referansegruppen, må i samarbeid utarbeide en ny mal for hva bygget skal inneholde og utarbeide en funksjonsbeskrivelse som brukes i en total entreprise form.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 21.11.2016:

Handsaming:

Eirin Bergheim fremja følgjande felles forslag som vart samrøystes vedteke:
Me forventar at heis er dimensjonert for store rullestoler/str. vareheis.
Heile hallen må vera er framkommeleg for rullestolbrukarar og personar m/nedsett funksjonsevne.

RAAD- 057/2016 Vedtak:

Me forventar at heis er dimensjonert for store rullestoler/str. vareheis.
Heile hallen må vera er framkommeleg for rullestolbrukarar og personar m/nedsett funksjonsevne.

Ungdomsrådet 21.11.2016:

Handsaming:

Fusa ungdomsråd samla seg om slik samrøystes uttale: Fusa ungdomsråd tek til etterretning at idrettshallprosjektet blir lyst ut på ny totalentreprise. Det er viktig at romprogrammet vert det same og at ein legg opp til eit variert aktivitetstilbod der klatrehallen inngår.

UNG- 055/2016 Vedtak:

Fusa ungdomsråd tek til etterretning at idrettshallprosjektet blir lyst ut på ny totalentreprise. Det er viktig at romprogrammet vert det same og at ein legg opp til eit variert aktivitetstilbod der klatrehallen inngår.

080/2016: Rullering av handlingsprogram - søknader om spelemidler 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I samband med rullering av handlingsprogram for Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet prioriterer Fusa kommune søknader om spelemidler for 2017 slik:

Ordinære anlegg:

Prioritet	Anleggstype	Stad	Søkjar	Spelemidler	Kommunal tilskot	Søknad-sår
1	Idrettshall - hovudbygg	Eosen	Fusa kommune	10.000.000		2.
2	Idrettshall - styrketreningsrom	Eosen	Fusa kommune	700.000		2
3	Idrettshall – sosialt rom	Eosen	Fusa kommune	500.000		2
4	Kunstgrasbane	Holmefjord	Ådlandsfjorden IL	779.000	779.000	2
5	Idrettshall- klatrehall	Eosen	Fusa kommune	1.433.000		Ny

Nærmiljøanlegg:

Prioritet	Anleggstype	Stad	Søkjar	Spelemidler	Søknadsår
1	Skaterampe Opsalmarka	Fusa	Opsalmarka vel	100.000	2.

Formannskapet 23.11.2016:

Handsaming:

Uttaler frå senior- og funksjonsrådet og ungdomsrådet av 21.11. 2016 var distribuert via iPad og heimesida.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR- 080/2016 Vedtak:

I samband med rullering av handlingsprogram for Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet prioriterer Fusa kommune søknader om spelemidler for 2017 slik:

Ordinære anlegg:

Prioritet	Anleggstype	Stad	Søkjar	Spelemidler	Kommunal tilskot	Søknad-sår
1	Idrettshall - hovudbygg	Eosen	Fusa kommune	10.000.000		2.
2	Idrettshall - styrketreningsrom	Eosen	Fusa kommune	700.000		2

3	Idrettshall – sosialt rom	Eosen	Fusa kommune	500.000		2
4	Kunstgrasbane	Holmefjord	Ådlandsfjorden IL	779.000	779.000	2
5	Idrettshall- klatrehall	Eosen	Fusa kommune	1.433.000		Ny

Nærmiljøanlegg:

Prioritet	Anleggstype	Stad	Søkjar	Spelemidlar	Søknadsår
1	Skaterampe Opsalmarka	Fusa	Opsalmarka vel	100.000	2.

Ungdomsrådet 21.11.2016:

Handsaming:

Fusa ungdomsråd tok saka samrøystes til etterretning.

UNG- 056/2016 Vedtak:

Fusa ungdomsråd tek saka til etterretning.

081/2016: Intensjonsavtale om vidareføring av ein del av tenestene i Business region Bergen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune godkjenner avtalen med Hordaland fylkeskommune om vidareføring av nokre av tenestene i Business region Bergen.

Formannskapet 23.11.2016:

Handsaming:

Svein Lang, Sp, fremja følgjande framlegg som vart samrøystes tilrådd. Fusa kommune inngår ikkje avtale med Hordaland fylkeskommune om vidareføring av nokre av tenestene i Business region Bergen.

FOR- 081/2016 Vedtak:

Fusa kommune inngår ikkje avtale med Hordaland fylkeskommune om vidareføring av nokre av tenestene i Buisiness region Bergen.

082/2016: Opprusting av veg til Eidestøa**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Fusa kommune rustar opp kommunal veg til Eidestøa innafør ei kostnadsramme på 1,5 mill eks mva. Det er ein føresetnad at Eide Fjordbruk og Alsaker Fjordbruk tek kvar sin tredjedel av netto kostnad.

Det vert gjennomført forhandlingar med grunneigar om kommunal overtaking av veggrunn med tanke på at den kommunale vegen kan verta forlenga fram til grensa mot gnr 72 bnr 7. Eiga sak om å ta opp vegstykket som offentleg veg skal leggjast fram for kommunestyret når grunnavtale ligg føre.

Formannskapet 23.11.2016:**Handsaming:**

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR- 082/2016 Vedtak:

Fusa kommune rustar opp kommunal veg til Eidestøa innafør ei kostnadsramme på 1,5 mill eks mva. Det er ein føresetnad at Eide Fjordbruk og Alsaker Fjordbruk tek kvar sin tredjedel av netto kostnad.

Det vert gjennomført forhandlingar med grunneigar om kommunal overtaking av veggrunn med tanke på at den kommunale vegen kan verta forlenga fram til grensa mot gnr 72 bnr 7. Eiga sak om å ta opp vegstykket som offentleg veg skal leggjast fram for kommunestyret når grunnavtale ligg føre.

083/2016: Ruspolitisk handlingsplan 01.01.2017- 30.09.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til ruspolitisk handlingsplan for perioden 01.01.2017 til 30.09.2020 og framlegg til retningslinjer vert vedtekne slik dei ligg føre.

Formannskapet 23.11.2016:**Handsaming:**

Uttaler frå senior- og funksjonsrådet og ungdomsrådet av 21.11. 2016 var distribuert via iPad og heimesida.

På vegne av H og Sp fremja Margunn Y. Samnøy, Sp, følgjande fellesframlegg:

Forslag til vedtak:

Som rådmann med fylgjande endring:

Punkt 2.4a Skjenketida for uteservering vert sett til kl. 01.30 med fortæringstid og stengetid til kl. 02.00.

Punkt 2.4b Skjenkeløyve til uteservering vert gitt til stader med fast skjenkeløyve og til forsamlingshus etter søknad.

Korleis arrangementet skal gjennomførast må gå fram av søknad.

Setninga: Forsamlingshus kan få skjenkeløyve til uteservering inntil 3 gonger pr. kalenderår blir stroken.

Punkt 2.6 1

Stadar, dvs. forsamlingslokale og serveringsstader utan fast skjenkeløyve, kan søka om einskildløyve, for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, til arrangement gjennom året jf. alkohollova §1-6. Det vert stilt krav om at skjenkestyrar og minst ein tredel av vaktene, som politiet set krav om, må ha gjennomført obligatorisk kurs for skjenkestyrarar og vakter.

Løyve blir gjeve berre til huseigar, juridisk ansvarleg eller ein fast etablert skjenkestad som utvidar eksisterande løyve. Det vert ikkje gitt skjenkeløyve i samband med idrettsarrangement eller arrangement der barn og unge er ei målgruppe, sjå punkt 2.12.

Framlegget frå rådmannen fekk 0 røyster.

Framlegget frå Margunn Y. Samnøy, Sp, vart samrøystes tilrådd.

FOR- 083/2016 Vedtak:

Framlegg til ruspolitisk handlingsplan for perioden 01.01.2017 til 30.09.2020 og framlegg til

retningslinjer vert vedtekne slik dei ligg føre med fylgjande endring:

Punkt 2.4a Skjenketida for uteservering vert sett til kl. 01.30 med fortæringstid og stengetid til kl. 02.00.

Punkt 2.4b Skjenkeløyve til uteservering vert gitt til stader med fast skjenkeløyve og til forsamlingshus etter søknad.

Korleis arrangementet skal gjennomførast må gå fram av søknad.

Setninga: Forsamlingshus kan få skjenkeløyve til uteservering inntil 3 gonger pr. kalenderår blir stroken.

Punkt 2.6 1

Stadar, dvs. forsamlingslokale og serveringsstader utan fast skjenkeløyve, kan søka om einskildløyve, for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, til arrangement gjennom året jf. alkohollova §1-6. Det vert stilt krav om at skjenkestyrar og minst ein tredel av vaktene, som politiet set krav om, må ha gjennomført obligatorisk kurs for skjenkestyrarar og vakter.

Løyve blir gjeve berre til huseigar, juridisk ansvarleg eller ein fast etablert skjenkestad som utvidar eksisterande løyve. Det vert ikkje gitt skjenkeløyve i samband med idrettsarrangement eller arrangement der barn og unge er ei målgruppe, sjå punkt 2.12.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 21.11.2016:

Handsaming:

Eirin Bergheim fremja følgjande felles forslag som vart samrøystes vedteke:
Senior - og funksjonsrådet tar saka til orientering.

RAAD- 062/2016 Vedtak:

Senior - og funksjonsrådet tar saka til orientering.

Ungdomsrådet 21.11.2016:

Handsaming:

Fusa ungdomsråd gav slik samrøystes uttale: Ungdomsrådet meiner Ruspolitisk handlingsplan er blitt ein god plan med konkrete og gjennomførbare tiltak med klart ansvar for oppfølging. Ungdomsrådet tek elles planen til etterretning.

UNG- 057/2016 Vedtak:

Ungdomsrådet meiner Ruspolitisk handlingsplan er blitt ein god plan med konkrete og gjennomførbare tiltak med klart ansvar for oppfølging. Ungdomsrådet tek elles

planen til etterretning.

084/2016: Endring av vedtekter for barnehagane i Fusa kommune frå 01.01.17

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

ALTERNATIV A:

Reviderte vedtekter for barnehagane i Fusa kommune vert endra frå 01.01.17 slik dei ligg føre.

ALTERNATIV B:

Reviderte vedtekter for barnehagane i Fusa kommune vert sendt på høyring med seks vekers frist.

Formannskapet 23.11.2016:

Handsaming:

Margunn Y. Samnøy, Sp, fremja følgjande fellesforslag som vart samrøystes vedteke Fusa kommune vedtar 2 barnehage opptak frå 01.01.2017 og innarbeider det i vedtektene
Meir kostnad skal innarbeidast i budsjett 2017.

Reviderte vedtekter for barnehagane i Fusa kommune vert sendt på høyring med seks vekers frist.

FOR- 084/2016 Vedtak:

Fusa kommune vedtar 2 barnehage opptak frå 01.01.2017 og innarbeider det i vedtektene
Meir kostnad skal innarbeidast i budsjett 2017.

Reviderte vedtekter for barnehagane i Fusa kommune vert sendt på høyring med seks vekers frist.

085/2016: Nærpolitireforma

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

For Fusa kommune er det avgjerande at Fusa vert ein eigen tenestestad i den nye organiseringa av politiet i vår region. Vi meiner det er viktig for innbyggjarane at det er ei god lokal forankring mellom politiet og innbyggjarane. Då kan det ikkje bli for store avstandar korkje geografisk eller på andre måtar mellom politiet og dei innbyggjarane politiet skal yta tenester til.

Lokalt politi er ein viktig del av Fusa kommune sitt beredskapsarbeid og vi har eit svært godt samarbeid. For Fusa kommune er det viktig at dette samarbeida kan fortsetja slik at vi totalt sett er best mogeleg rusta både når det gjeld ulukker, naturhendingar m.m.

Frå 2020 vert Fusa og Os ein ny felles kommune. Fusa kommune meiner difor at det er uheldig at desse to kommunane er i ulike tenesteeiningar. Fusa må vera med i same tenesteeining som Os om ein skal få ei teneleg politiorganisering frå 2020 og framover.

Subsidiært meiner Fusa kommune at Fusa bør utgjera hovudkontor i ei eventuell tenesteeining for Kvam, Samnanger, Fusa og Tysnes.

Fusa har hatt godt politisamarbeid med Tysnes over lang tid. Dersom det vert gjort om på tenesteeiningane må det vurderast om Tysnes også skal bli ein del av ei ny tenesteeining i lag med Os, Fusa og Austevoll.

Formannskapet 23.11.2016:

Handsaming:

Uttaler frå senior- og funksjonsrådet og ungdomsrådet av 21.11. 2016 var distribuert via iPad og heimesida.

Aud May Boge, H, fremja følgjande fellesframlegg til vedtak frå Høgre, Kristeleg folkeparti og Senterpartiet :

Fusa kommune ser det som avgjerande viktig at Fusa vert tenestestad etter ny organisering av politiet.

Med tenestestad i Fusa sikrar ein målet om at 90 % av innbyggjarane ikkje skal ha meir enn 45 min køyretid til næraste tenestestad.

Lokalt politi er ein viktig del av Fusa kommune sitt beredskapsarbeid, og føreslegen tenesteeining som Fusa inngår i sikrar ei god ressursutnytting når det gjeld vakt og patruljeteneste.

Fusa kommune bør utgjera hovedkontor i tenesteeininga for Kvam, Samnanger, Fusa og Tysnes.

Framlegget frå rådmannen fekk 4 røyster. (2 Ap, 1 Frp, 1 V)

Fellesframlegget frå Aud May Boge, H, vart tilrådd med 5 røyster. (1 H, 1 Krf, 3 Sp)

FOR- 085/2016 Vedtak:

Fusa kommune ser det som avgjerande viktig at Fusa vert tenestestad etter ny organisering av politiet.

Med tenestestad i Fusa sikrar ein målet om at 90 % av innbyggjarane ikkje skal ha meir enn 45 min køyretid til næraste tenestestad.

Lokalt politi er ein viktig del av Fusa kommune sitt beredskapsarbeid, og føreslegen tjenesteeining som Fusa inngår i sikrar ei god ressursutnytting når det gjeld vakt og patruljeteneste.

Fusa kommune bør utgjera hovedkontor i tenesteeininga for Kvam, Samnanger, Fusa og Tysnes.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 21.11.2016:**Handsaming:**

Eirin Bergheim fremja følgjande felles forslag som vart samrøystes vedteke:
Senior - og funksjonsrådet tar saka til orientering.

RAAD- 063/2016 Vedtak:

Senior - og funksjonsrådet tar saka til orientering.

Ungdomsrådet 21.11.2016:**Handsaming:**

Fusa ungdomsråd samla seg om slik samrøystes uttale i saka: Fusa ungdomsråd meiner at denne saka må sendast attende til Politimeisteren for ny vurdering. Vi er ikkje tent med eit forslag som legg opp til at den nye storkommunen blir delt i to politieiningar/lensmannsdistrikt. Det vil rett og slett ikkje fungera i praksis, korkje i beredskapssamanheng eller i det førebyggjande arbeidet.

UNG- 060/2016 Vedtak:

Fusa ungdomsråd meiner at denne saka må sendast attende til Politimeisteren for ny vurdering. Vi er ikkje tent med eit forslag som legg opp til at den nye storkommunen blir delt i to politieiningar/lensmannsdistrikt. Det vil rett og slett ikkje fungera i praksis, korkje i beredskapssamanheng eller i det førebyggjande arbeidet.

086/2016: Framlegg til politisk møteplan for 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune vedtek framlegget til politisk møteplan i saksutgreiinga.

Gruppemøte :

Måndag i utvalsmøteveka og kommunestyreveka.

Utval:

Ungdomsrådet
Senior- og funksjonsrådet
Formannskapet
Administrasjonsutvalet
Utval for plan og miljø
Kommunestyret

Møtedag:

Måndag i utvalsmøteveka
Måndag i utvalsmøteveka
Onsdag i utvalsmøteveka
Onsdag i utvalsmøteveka
Torsdag i utvalsmøteveka.
Torsdag

I 2017 skal ein fortrinnsvis ha ettermiddags/kveldsmøte.

Kontrollutvalet sin møteplan vert innarbeidd.

Formannskapet 23.11.2016:

Handsaming:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR- 086/2016 Vedtak:

Fusa kommune vedtek framlegget til politisk møteplan i saksutgreiinga.

Gruppemøte :

Måndag i utvalsmøteveka og kommunestyreveka.

Utval:

Ungdomsrådet
Senior- og funksjonsrådet
Formannskapet
Administrasjonsutvalet
Utval for plan og miljø
Kommunestyret

Møtedag:

Måndag i utvalsmøteveka
Måndag i utvalsmøteveka
Onsdag i utvalsmøteveka
Onsdag i utvalsmøteveka
Torsdag i utvalsmøteveka.
Torsdag

I 2017 skal ein fortrinnsvis ha ettermiddags/kveldsmøte.

Kontrollutvalet sin møteplan vert innarbeidd.

087/2016: Bruk av bygdebøkene Heilt andre tider

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune stiller til rådvelde bygdebokverket «Heilt andre tider» som gåve til avgangselevane ved Fusa ungdomsskule, tilsvarande arrangement og representasjonsgåver.

Formannskapet 23.11.2016:

Handsaming:

Uttale frå ungdomsrådet av 21.11. 2016 vart distribuert via iPad og heimesida før møtet.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FOR- 087/2016 Vedtak:

Fusa kommune stiller til rådvelde bygdebokverket «Heilt andre tider» som gåve til avgangselevane ved Fusa ungdomsskule, tilsvarande arrangement og representasjonsgåver.

Ungdomsrådet 21.11.2016:

Handsaming:

Fusa ungdomsråd kom fram til slikt samrøystes uttale: Ungdomsrådet meiner dette eit positivt tiltak og tek saka til etterretning.

UNG- 061/2016 Vedtak:

Ungdomsrådet meiner dette eit positivt tiltak og tek saka til etterretning.

088/2016: Skriv og meldingar

Skriv og meldingar vert teke til orientering.

Formannskapet 23.11.2016:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FOR- 088/2016 Vedtak:

Skriv og meldingar vert teke til orientering.

089/2016: Budsjett 2017 - Økonomiplan 2017 - 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet 23.11.2016:

Handsaming:

Uttaler frå senior- og funksjonsrådet og ungdomsrådet av 21.11. 2016 var distribuert via iPad og heimesida.

Saka vert handsama i nytt formannskapsmøte måndag 28.11.2016 kl 09.00 i Kommunetunet.

FOR- 089/2016 Vedtak:

Saka vert handsama i nytt formannskapsmøte måndag 28.11.2016 kl 09.00 i Kommunetunet.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 21.11.2016:

Handsaming:

Eirin Bergheim fremja følgjande felles forslag som vart samrøystes vedteke:
Saka blir teke til orientering.

RAAD- 058/2016 Vedtak:

Saka blir teke til orientering.

Ungdomsrådet 21.11.2016:

Handsaming:

Fusa ungdomsråd kom fram til ei slik samrøystes tilråding:

Fusa ungdomsråd ønskjer ei sterkare prioritering av Fusa ungdomsskule. Fusa kommune må ta eit vegval om ein skal byggja nytt eller foreta ei omfattande rehabilitering. Det må løyvast inntil 1 mill kroner til strakstiltak over investeringsbudsjettet for å betra læringssituasjonen for elevane. Ungdomsrådet krev å bli involvert i spørsmål som gjeld ungdomsskulen si framtid.

Andre saker som er viktige for barn og ungdom i dette budsjettet er realiseringa av fleirbrukshall og satsinga på trafikksikring, turvegar og sentrumsutvikling.

UNG- 051/2016 Vedtak:

Fusa ungdomsråd ønskjer ei sterkare prioritering av Fusa ungdomsskule i budsjett og økonomiplan. Fusa kommune må ta eit vegval om ein skal byggja nytt eller foreta ei omfattande rehabilitering. Det må løyvast inntil 1 mill kroner til strakstiltak over investeringsbudsjettet for å betra læringssituasjonen for elevane. Ungdomsrådet krev å bli involvert i spørsmål som gjeld ungdomsskulen si framtid.

Andre saker som er viktige for barn og ungdom i dette budsjettet er realiseringa av fleirbrukshall og satsinga på trafikksikring, turvegar og sentrumsutvikling.

090/2016: Forliksavtale - legeheimel

Handsaming:

Sak nr 90/16 vart samrøystes vedteke handsama for lukka dører, jf. § 31 nr 5 i kommunelova. Saka er unnateke frå offentleg innsyn. Jf. kommunelova § 31 nr 5, jf. offentleglova § 13 1. ledd, forvaltningslova §13 1. ledd nr 2 og offentleglova § 23 av omsyn til det offentlege sin forhandlingsposisjon.